



Alexander Landa  
Fonnes 70  
5953 Fonnes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1224 - 23/6542

Saksbehandlar:  
Christopher Marius Straumøy  
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom  
mune.no

Dato:  
06.07.2023

## Pålegg om påkopling til offentlig avlaupsløysing - gbnr. 128/91, gbnr. 128/20,33, gbnr. 128/15 og 128 /78 - Fonnes

### Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til førehandsvarsel om påkopling til det offentlege avlaupsanlegget i brev den 11.10.2022 og 28.11.2022 og tidlegare korrespondanse i saka.

### Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 32-5, 32-3, jf. §27-2 andre ledd ileggast det pålegg om påkopling til det offentlege avlaupssystemet på følgande vilkår:

1. Påkopling må vere ferdigstilt innan 01.11.2023.
2. Ved fristoversitting vil det følgja tvangsmulkt på 500 kr pr dag.
3. Private avlaupsleidningar og reinseanlegg og andre deler av avlaupssystem som ikkje lengre er i bruk skal sikrast på forsvarleg måte for å unngå forureining og utslepp.
4. Påkopling må søkast om til kommunen.

### Saksutgreiing:

Det har vore kommunikasjon i fleire år vedrørande denne saka. Grunneigarane har vore positive til å gjennomføra påkopling tidlegare, men kommunen ser ikkje at noko har skjedd. Kommunen har og sendt førehandsvarsel i saka, sjå vedlegg.

Førehandsvarsel vart svart på av Ronny Larsen:

**Fra:** ronla <ronlamagnum@gmail.com>

**Sendt:** 23.10.2022 15:25:34

**Til:** Christopher Marius Straumøy <christopher.marius.straumoy@austrheim.kommune.no>

**Emne:** Re: Klagesak landbruksvei Austrheim

---

**Til : Austrheim Kommune v/Christopher M. Straumøy**

**Sak: Forehandsvarsling om pålegg om påkobling til offentlig avløps-anlegg**

Vi viser til brev mottatt 14.10.2022 vedrørende spørsmål om status i denne saken.

Vi kan bekrefte at saken er stilt i bero fra vår side inntil Austrheim Kommune, i henhold til avtale med A.Toft, har fått avklart premissene for en fellesløsning der alle husstandene i nedslagsfeltet inngår.

Frem til dette er avklart forholdet vi oss til at vi har avløp der alle husstandene har separate slamavskillere.

Når det gjelder avløp fra GBNR 128/91 ba vi kommunen (mail til A.Toft 11.10.2021) om å redegjøre for eventuelle betingelser/-krav til forlenging av eksisterende ledning (likt den løsningen som ble gjennomført i Grønevikane på samme tidspunkt) for å sette oss i stand til å gjennomføre nødvendige tiltak ved behov.

Kommunen har enda ikke svart på henvendelsen.

Avløp fra GBNR 128/20 er en fellesledning med GBNR 128/15 som ble godkjent av Austrheim Kommune i 1997.

Våre eksisterende avløp med separate slamutskillere vil representere det miljømessig beste alternativet inntil kommunen har et fullgodt anlegg med renseanlegg som fører til en netto reduksjon av useparert svartvann til Fensfjorden.

Fonnes 19.10.2022

Kommunen er ikke samtd i vurderinga om at det beste alternativet er separate slamutskillere. Grunngevinga er av omsyn til forureininga dette vil medføre og vurderinga under.

Det følger av plan- og bygningslova § 27-2 andre ledd følgende:

*«Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.»*

Det er ca. 200 meter frå den kommunale kummen til gbnr 128/91 som er den lengste avstanden. Dette er klart innanfor lovens vilkår om «*nærliggende areal*» og man er ikkje i grenseland her før man passerer ca 500 meter.

Det vil også etter kommunens vurdering ikkje vere knytta uforholdsmessige store kostnader til påkoplinga.

Når kommunen legg leidningar vil eigedommar som ikkje er tilknytta kommunalt leidningsnett bli pålagde å knyta seg til for å stoppa utslepp av avløpsvatn og redusera lokal forureining. Kommunen har installert ny avlaupskum like i nærleiken av dykk. Grunnen er at omliggande eigedomar skal kopla seg på. Samstundes er ovannemnte eigedomar si avlaupsløysing ikkje forsvarleg grunna fleire forhold, mellom anna gamle løysingar som har risiko for forureining.

Føremålet bak hovudregelen i lova om trygg ordning for vatn og avløp, er omsynet til å oppnå helsemessig trygt forhold, noko som ofte vil krevja ei heilskapleg løysing for både vassforsynings- og avløpsforholda. Tiltakshavars plikt til å knyta seg til offentlege vass- og avløpsleidningar, er likevel ikkje berre pålagd for å vareta omsynet til folks og dyrs helse, men også for å sikra at den offentlege vassforsyninga og avløpssystemet blir bygd ut og drive teknisk og driftsøkonomisk rasjonelt.

Dette er samla sett grunna til at dykk no får pålegg. Kommunen opplyser samstundes at kommunen arbeider med ei påkoblingsplan kor eigedomar i kommunen utan tilfredsstillande avlaupsløysingar vil få pålegg om påkopling i tiden framover. Dette gjeld fleire stader i kommunen. Kommunen vil avslutningsvis peike på at dykk ikkje har gjort noko gale i saka.

Kommunen vil råde dykk til å sjå på desse konkrete tiltak no:

- Kontakt røyrleggjar eller entreprenør for å innhenta pristilbod på utføring av arbeid og tekniske løysingar.
- Kontakt naboar som også er ramma av varsla eller pålegga til kommunen.
- Samarbeid med ein eller fleire naboar.
- Innhent løyve til å etablera anlegg over annan manns eigedom.
- Innhent løyve til å knyta deg til privat leidning.
- Tinglys erklæring.

Vidare kan dykk ta kontakt med VA-avdelinga på teknisk i kommunen for å få vidare rettleiing i saka. Kommunen vonar dykk får ei god sommar og ønskje dykk lykke til med tilkoplinga.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft

Christopher Marius Straumøy

avdelingsleiar

rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Førehandsvarsel om pålegg om påkobling til Offentleg Avlaupsanlegg

Klagesak landbruksvei Austrheim

Førehandsvarsel om pålegg om påkobling til Offentleg Avlaupsanlegg.

Måseklubben

Svar - veg gjennom LNF område på gbnr 131/6 samt avløp

Oversendingsmail

Vei gjennom LNF sone på bnr 131/6 - samt avløp

Informasjon om avløpssituasjonen i området og forslag til(189121)

Rapport etter synfaring 14.08.2020

Informasjon om avløpssituasjonen i området og forslag til løysing for eigedom gbnr. 12891, gbnr. 12820,33, gbnr. 12815 og 128 78 - Fonnes

**Kopi til:**

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

**Mottakarar:**

Alexander Landa	Fonnes 70	5953	Fonnes
Elly Olaug Myklebust	Fonnes 82	5953	Fonnes
Mona Landa Austrheim	Fonnes 74	5953	Fonnes
Rita Myklebust	Nyhavn 8b	5042	Bergen